



Claus Ståle Husa Sellevoll  
Nordre Toppe 3  
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1295 - 19/15200

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@meland.kommune.no

02.07.2019

## Løyving av tilskot til filmproduksjon - Å eg veit meg ei veit

Viser til søknad/budsjett om tilskot til formidling av kunnskap om byggjemåte og funksjon for kisteveiter datert 27.05.2019. Det er eit imponerende arbeid de har utført med å setja i stand den gamle kisteveita, og kommunen er glad for at de ser at det er viktig å ta vare på og formidla kvifor og korleis ein kan gjera dette.

Som de peikar på finst det kisteveiter på dei fleste gardsbruk i Nordhordland, og det kan difor ha relevans for mange bønder å få slik kunnskap. Sjølv om ein i dag nyttar seg av andre dreneringsmetodar er det ikkje uvanleg at ein treff på ei kisteveit under arbeidet, så det er verdifult å ha grunnleggande kunnskap om korleis ei slik er bygd opp og verkar. I ei tid med aukande nedbør og ekstremver er god drenering ein av dei viktigaste tinga landbruket kan gjera for å bu seg mot klimaendringar.

Det siste året har lokale bønder, landbruksrådgivinga og kommunen arbeidd saman om formidling ved hjelp av film/videosnuttar praktiske tiltak på den enkelte gard som vert gjort for å tilpassa seg eit endra klima. Prosjektet heiter klimabonden –praktiske klimatiltak for landbruk i Meland. Dette prosjektet er støtta av Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland. Det er laga fleire filmar, mellom anna laga ein film om grøfting. **Sidan filmprosjektet dykkar høver godt inn i dette prosjektet vil me støtta filmen dykkar med kr. 7500, under føresetnad at me kan nytta filmen i kunnskapsformidling om dette temaet.** Me ynskjer å gjera desse filmane tilgjengeleg på sosiale media, der mange unge/nye bønder finn kunnskap i dag.

**Tilskotet vil verta utbetalt så snart me får tilbakemelding om kontonummer.**

Med helsing

Laila Bjørge  
landbrukssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**  
Haakon Aase

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)



**Mottakere:**

Claus Ståle Husa Sellevoll

Nordre Toppe 3 5136

MJØLKERÅEN